



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår dato:

05.02.2019

Vår ref:

2018/8212

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref:

«REF»

Kontakt saksbehandlar

Einar Heegaard, 51568872

Lokal/sentral høyring av framlegg til frivillig skogvern - Nordåker, Tysvær kommune

Grunneigar i området Nordåker, gnr./bnr. 167/3, i Tysvær kommune, Rogaland, har gjort avtale med staten om frivillig vern av skog. Fylkesmannen i Rogaland sender dermed framlegg til vernegrense og verneforskrift for Nordåker naturreservat på samordna lokal/sentral høyring. Dette er i samsvar med nasjonale retningslinjer for verneprosessar etter naturmangfaldlova. Frist for å uttala seg til høyringa vert sett til 5. mai 2018.

Bakgrunn

Ved Stortingsmelding nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. St.meld. nr. 25 trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei opptrappinga av vernet. Dette er vidareført og styrka i St. meld. Nr 14 (2015-16).

I meldingane vert frivillig vern nemnt som hovudstrategi for det framtidige skogvernet i Noreg. Frivillig vern inneber at skogeigarane sjølv tilbyr staten vern av eige skogkledt areal. Formål med ordninga er å verne om eit representativt utval skog for framtida i Noreg, både vanleg og sjeldan/truga skog.

Fylkesmannen i Rogaland, etter tilbod frå grunneigarane i Nordåker, sender med dette ut framlegg om å oppretta Nordåker naturreservat.

Opprettninga av vern gjennom naturreservat er heimla i naturmangfaldlova § 34, jfr. § 37 og § 62. Føremålet med denne høyringa er å innhente synspunkt og kommentarar til det framlagte verneområdet med tilhøyrande verneforskrift. Miljødirektoratet har gjeve Fylkesmannen i oppdrag å utarbeide verneframlegget og har hatt det til fagleg gjennomgang før høyring.

Sakshandsaming



I brev av 28. august 2018 sende Vestskog, på vegne av grunneigarane på gnr/bnr 167/3 i Tysvær kommune tilbod om frivillig vern til Fylkesmannen som vidareformidla dette til Miljødirektoratet.

Naturverdiane vart kartlagt av Fylkesmannen i Rogaland v/Einar Heegaard, Erik Steen Larsen og John Inge Johnsen i 2018 ved to høve.

I samråd med Vestskog og Miljødirektoratet om grunnlaget for verneprosessen sende Fylkesmannen ut melding om oppstart av frivillig vern av skog 07. januar 2018. Fylkesmannen har motteke innspel på meldinga om oppstart, og desse er samanfatta i vedlagt notat.

Verneframlegget omfattar nå gnr.bnر. 167/3.

Fylkesmannen vil samanfatte den samordna høyringa, og sende si tilråding til Miljødirektoratet. Klima- og miljødepartementet vil så venteleg gje sitt framlegg til kongeleg resolusjon i statsråd.

Naturverdiar

Framlegget til naturreservat utgjer eit større skogsområdet i sørboreal sterkt oseanisk sone, som tyder på at naturtypane er prega av milde vintrar, 0.1-2 grader, og høg årsnedbør, om lag 2500 mm. Området strekker seg frå 75 til 415 moh. Eit austvendt li-side med rikare markslag strekker seg frå garden Nordåker mot Husafjellet. Bak Husafjellet er det ein gryte med Oldemyr og Stemmyra før område stig mot sit høgaste ved Ebne og Angletasteinen i vest.

Nedst i li-sida mot aust finn me ein registrert naturtype, haustingskog verdi A, og eit areal registrert som eldre lauvsuksjon i MIS, miljøregistrering i skog. Haustingskogen har høg variasjon i treslag, med fleire edellauvsortar, til dømes ask (VU), alm (VU), lind, eik, hassel. Markslaget her er klart lågurt-preg med enkelte arter knytt til høgstaudesamfunn. Det er også registrert fleire raudlista artar knytt til desse trea, til dømes kranshinnelav (VU) prakthinnelav (VU) og kystprikklav (VU), gul pærelav (NT), bleik kraterlav (VU), Thelopsis rubella (VU), samt fleire arter knytt til lungenever-samfunn. Vidare fann me bronsesmelle (EN) I sjølve lia står ein del eldre styva alm, og nokre ask, medan attmed bøen finn me fleire asketre som er styva i nyare tid. Desse er registrert i kulturmarkarealet på vernekartet, og er tenkt å vere i meir aktiv skjøtsel. I høgare område grå vegetasjonen over mot furuskog, men ein finn også holt med osp. Furuskogen er typisk vestnorsk karakter med påverka av høg fuktighet, med tidvis torvdanning også i skrånингane, men i all hovudsak er det blåbærmark og lyngmark i desse skogane etter tilgangen på råme. I gryta er det to intakte myrer sentralt. Rundt desse finn me furuskog med nokre eldre tre, og ein god del daudved, ståande og liggande, i variert nedbrytingsgrad. På nordside av gryta finn me eit større holt med osp, og nokre av desse har betydeleg dimensjon. Det er eit rikt dyre- og fugleliv i området, og daudved-mengda gjer dette arealet spesielt eigna for mellom anna spettar.

Området vil med sin plassering knytte saman fleire eksisterande naturreservat til eit nettverk av naturreservat for kystfuruskog. Desse vil utfylle kvarandre samtidig supplere med auka variasjon i habitattypar og livsmedium. Dette vil på sikt gje eit meir robust skogsmiljø med omsyn til biologisk mangfold regionalt.

Andre tilhøve

Det finst noko planta gran i utkanten av området. Ved synfaring fann me ikkje oppslag frå desse bestandane i verneområdet. Det er ein skogsbilveg som er opparbeida nordaust i verneområdet. Det er heller ikkje i dette område observert nemneverdige klynger av framande arter.



I søraust grensar område mot ein gamal slåtteng og haustingsskog. Det er varierande grad av attgroing og grunneigar ønsker å drive skjøtsel på eit avgrensa område skravert i vernekartet.

Praktisk om høyringa

Vedlagt følgjer framlegg til vernegrense på kart og framlegg til verneforskrift for naturreservat.

Frist for å uttala seg til høyringa vert sett til 5. mai 2018. Eventuelle fråsegn skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernnavdelinga, pb. 59, 4001 Stavanger. E-post kan også nyttast: fmropost@fylkesmannen.no.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernsjef

Einar Heegaard
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Framlegg til forskrift om vern av Nordåker naturreservat
- 2 Framlegg til vernekart for Nordåker naturreservat
- 3 Merknader frå melding om vern av Nordåker naturreservat

Adresseliste:

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Per Johan Lyse	Vassendvikvegen 220	5560	Nedstrand
Statens vegvesen, Region Vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER
STATKRAFT SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
UNIVERSITETET I STAVANGER	Postboks 8600 Forus	4036	STAVANGER
NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
NATURVERNFORBUNDET I ROGALAND	Postboks 441	4002	STAVANGER
ROGALAND BONDE & SMÅBRUKARLAG	Kyllesveien 59	4308	SANDNES
Norges Jeger og Fiskerforbund Rogaland	Postboks 313	4291	Kopervik
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboes gate 8	0183	OSLO
Avinor AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Norges Bondelag	pb. 9354 Grønland	0135	OSLO
NORSK ORNITOLOGISK FORENING	Sandgata 30B	7012	TRONDHEIM
NVE Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstuen	0301	Oslo
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
SABIMA	Mariboes gate 8	0183	OSLO
Severin Myrbakken	Opphusveien 99	2450	Rena
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal



NORGES MILJØVERNFORBUND	Postboks 593	5806	BERGEN
Landbruksdirektoratet	Postboks 8140 dep.	0033	OSLO
NORSK BOTANISK FORENING AVD.	c/o Svein Imsland Gjerdehagen	4027	STAVANGER
ROGALAND	58		
NORSK ZOOLOGISK FORENING	Postboks 6731 Etterstad	0609	OSLO
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Rogaland Bondelag	Postboks 278	4002	Stavanger
SKOGSELSKAPET I ROGALAND	Pedersgata 32C	4013	STAVANGER
Haugaland Kraft Nett AS	pb. 2015	5504	Haugesund
Kartverket	pb. 600 sentrum	3507	HØNEFOSS
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep.	0030	Oslo
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS
Vestskog SA			
Forsvarsbygg	pb. 405 sentrum	0103	OSLO
Friluftsrådet Vest	pb. 63	5575	Aksdal
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep.	0032	Oslo
NIBIO - NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI	Postboks 115	1431	ÅS
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet NTNU	Høgskoleringen 1	7034	TRONDHEIM
NORSK BIOLOGFORENING (BIO)	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
NORSK INDUSTRI	Sunde 100	4993	SUNDEBRU
NORSK ORNITOLOGISK FORENING AVD.	Postboks 372	4379	EGERSUND
ROGALAND			
SPRÅKRÅDET	Postboks 1573 Vika	0118	OSLO
SPRÅKRÅDET, Stadn.t. på Vestlandet	Postboks 8107 DEP	0032	OSLO
STATNETT SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	Akersgata 41	0158	OSLO
STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
STIFTELSE WWF VERDENS NATURFOND	Postboks 6784 St Olavs Plass	0130	OSLO
Norges jeger og fisker forbund	pb. 94	1378	NESBRU
NORGES MILJØ- OG BIOVITENSKAPELIGE UNIVERSITET (NMBU)	Postboks 5003	1432	ÅS
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
NINA - Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgard	7485	Trondheim
NORGES SKOGEIERFORBUND	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO